

Pondus på tur vann quiz-premiere

30.06.2010



Vinnarlaget saman med Morten Nilsen: Klara Bakke, Jan Berntsen, Hilde Bringedal og Knut Bringedal. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ein kvartett som kalla seg Pondus på tur sigra i den første quizn som vart avvikla på Vertshuset i kveld, under svært god stemning.**

**Bak namnet fann ein Hilde Bringedal, Knut Bringedal, Klara Bakke og Jan Berntsen og dei fekk 33 poeng.**

På andrelassen kom laget Bjørnar med 30 medan Supe 4 vart nummer 3 med 24, Colargol nummer 4 med 23 og Vi to nummer 5 med 22. Det var med andre ord eit tett oppgjer og ingenting var avgjort før siste runda var unnagjort.

Det burde ha vore fleire enn 5 lag med, men Morten Nilsen kom seint igang med marknadsføringa og reknar med langt større deltaking når det blir ny quiz om 2 veker.

Han tok seg sjølv av leiinga og spørsmåla var det quiz-eksperten Torfinn Myklebust som hadde klekka ut. Dei spente over eit vidt register - frå kva som var grunnen til at fire menn omkom i Afghanistan til kva som er Kvinnherads høgste punkt.

Naturleg nok var det også ein solid bok med VM-spørsmål og deltakarane gav uttrykk for at dei var vanskelege.

Av Ola Matti Mathisen